

Velkomen til Firda vgs.

- meir enn ein skule



Vaksenopplæringa

Skuleåret 2025-26



Nettskulen Vestland
Vestland fylkeskommune



Firda vgs.
Vestland fylkeskommune

Skulen

Tilsette og elevar er stolte av Firda vidaregåande skule som har ein hundre og tre år lang historie. Denne skulen blir du snart ein del av.

Skuleåret 2025-26 tel det ca. 271 elevar og ca. 100 vaksne deltagarar. På Firda vgs kan ungdomselevar velje utdanningstilbod innan idrettsfag, studiespesialisering og musikk, dans og drama. I tillegg er vi store på vaksenopplæring, då vi sidan 2013 har vore med å utdanna vaksne gjennom noko som blir kalla Gloppenmodellen. Her har vaksne i regionen fått utdanna seg til helsefagarbeidrar. I modellen har vi og utdanna tannhelsesekretærar.

Etter kvart vart skulen samarbeidspartner med Nettskulen i Vestland, og har siste tre åra tilbydt mykje opplæring på nett. For skuleåret 2025/26 har vi 9 grupper for vaksne med sluttkompetanse helsefagarbeidar og tannhelsekretær. For komande skuleår skal vi gi opplæring til Menn i helse, vg1 helse og omsorgsfag, vg2 helseservicefag, vg3 tannhelsesekretær, modulstrukturert opplæring i helsearbeidarfag og praksiskandidatkurs. Alle desse tilboda har ein kombinasjon av nettundervisning i lag med fysisk oppmøte på skulen, og deltagarane vekslar mellom opplæring i skule og bedrift (praksis).

Vidaregåande opplæring for vaksne

1.august 2024 vart ny opplæringslov innført. For vaksne inneber det ei opplæring som skal vere meir fleksibel og tilpassa den vaksne sin livssituasjon og tidlegare erfaringar. Om du har tidlegare arbeidserfaring og/eller skulegang, vil det bli gjennomført ei realkompetanseurdering før du startar på opplæringa. Den kan vere med å tilpasse opplæringstilbodet ditt. Om du har lite skulegang eller arbeidserfaring, blir det ei generell kartlegging og oppstartsamtale med kontaktlærar.

I opplæringa skal du veksle mellom opplæring i skule og bedrift (praksis). Mesteparten av opplæringa i skule skjer digitalt. Vi møtast på Teams, men det vil også vere nokre fysiske samlingar på Firda vgs. Den første samlinga er viktig for å bygge relasjonar, og skape

tryggleik og gode rammer for digital undervisning. Dette er erfaringar vi har gjort oss gjennom åra med digital undervisning, og fått gode tilbakemeldingar på.

Læreplanen

På denne opplæringa er det modulstrukturert læreplan som gjeld for vaksne som tek helsearbeidarfag. I staden for at læreplanane er inndelte i fag, er dei inndelt i modular; mindre delar. Det er ein læreplan å halde seg til i programfaget: ***Læreplan i helsearbeiderfaget – modulstrukturert opplæring for vaksne:***

<https://www.udir.no/lk20/heas05-01>

Her finn du både fag frå programfag (helsefaga) og fellesfaga (matematikk, engelsk og naturfag). Det er ikkje mange kompetanseomål frå fellesfaga, men dei er likevel viktige å få godkjente. I tillegg er det ein eigen ***Læreplan i norsk og samfunnskunnskap – modulstrukturert opplæring for vaksne. Læreplan i norsk og samfunnskunnskap – modulstrukturert opplæring for vaksne (GNS01-01) | udir.no***. Dei som ikkje har faga frå før, må ta denne modulen.

Gjennom skuleåret, vekslar du mellom opplæring i skule og bedrift. Du skal oppleve samanheng og heilskap i opplæringsløpet, noko denne vekslinga legg godt til rette for. Skulen samarbeider godt med praksisstadene, og har oppfølging av deg når du er ute i praksis. Denne oppfølginga kan være skriftleg, per telefon, via videokonferanse på teams eller ved fysisk møte på praksisstad.

Vurdering

Gjennom opplæringa i skulen, skal du ha undervegsvurdering og midtvegsvurdering. Undervegsvurdering har ein for å sikre at du har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Undervegsvurderinga skal vere i samsvar med opplæringsplanen din, og du har rett på minst ei samtale i året med faglærar.

I tillegg til undervegsvurdering, skal du også ha ei midtvegsvurdering i løpet av skuleåret. Her er det faglærarar i samråd med rettleiaren din i bedrift som set karakteren.

Karakteruttrykka som blir brukt i vurdering er:

- a. Godkjent uttrykkjer tilfredsstillande eller god kompetanse i modulen
- b. Ikke godkjent uttrykkjer svært låg kompetanse i modulen
- c. Låg måloppnåing – låg eller svært låg kompetanse i modulen
- d. Middels måloppnåing – nokså god eller god kompetanse i modulen
- e. Høg måloppnåing – mykje god eller fram ifrå kompetanse i modulen

(Kunnskapsdepartementet, 2024).

Eksamens

Du må ha fått karakter i alle modulane før du kan gå opp til skriftleg eksamen. Eksamens er ein 5 timars skriftleg eksamen kor det er viktig å sjå fagleg samanheng mellom modulane.

Skriftleg eksamen blir gjennomført i mai (oppmeldingsfrist 1. februar) og november (oppmeldingsfrist 15. september). Skulen kan hjelpe til med oppmelding til eksamen.

Skriftleg eksamen er laga ut frå læreplanen i vg3 helsearbeiderfaget (HEA03-03).

Eksamens blir utarbeida sentralt og har ikkje førebuingsdel. Gjennom skuleåret vil vi setje av tid, slik at du får øve deg på å svare på ein slik eksamen.

Læretid og fagprøve

Etter at du har bestått alle modulene og skriftleg eksamen, kan du begynne på læretida som er berekna å ta 1-2 år.

Opplæringen i helsearbeiderfaget - modulstrukturert opplæring for voksne skal avsluttes med en fagprøve. Før du kan gå opp til fagprøve, må skriftleg eksamen vere bestått.

Fagprøven lages ut frå læreplanen i vg3 helsearbeiderfaget (HEA03-03). Alle skal opp til fagprøven som skal gjennomføres innenfor en tidsramme på to til tre virkedager. Når du har bestått fagprøva, kan du søkje om autorisasjon som helsefagarbeidar.

Lærarteamet

Vi gler oss til å bli kjent med deg. For oss, er det viktig at du føler deg inkludert, sett og høyrt. Hos oss skal alle ha det bra, noko du og dine med-rekruttar har ansvar for å legge til rette for. Det er lov å «feile,» og du må ikkje gløyme at det er ved å reflektere over sine feil, ein ofte lærar. Vi er opptatt av å sjå etter KVA du kan, ikkje etter kva du ikkje kan. All livserfaring er god erfaring, og ein viktig ressurs inn i det du no skal ta til på; nemleg utdanning som helsefagarbeidar.

Lærarane er opptatt av at du skal medverke og ta aktivt del i din eigen læreprosess. Vi kan legge til rette så godt vi kan, men det er du som må gjere arbeidet.

Årsplan

Skulen har i første omgang laga ei grovskisse til årsplan som viser når det er digital undervisning/ fysisk oppmøte på skule, og når du skal være utplassert i bedrift. Over sommaren vil du få ei meir detaljert oversikt som viser kva modul/ tema vi skal gå igjennom.

Moduler

01.august 2024 trådde ny opplæringslov i kraft. For vaksne som skal utdanne seg til helsefagarbeidarar, inneber det opplæring i moduler. Det er to læreplanar du skal halde deg til.

Læreplanen i helsearbeidarfaget – modulstrukturert opplæring for vaksne (HEA05-01)

Den er delt inn i **fire modular**. I kvar modul ligg det *kompetanse mål* (mål om kva du skal lære) og *vurdering* (kva du blir vurdert i).

I læreplanen står det at faget handlar om å kunne gi helsehjelp, forebygge einsemd og bidra til eit aktivt liv for pasientar og brukarar. Ein skal utvikle yrkesutøvarar med praktiske ferdigheter, og som har vilje og evne til kontinuerleg kvalitetsforbetring.

Kommunikasjons- og relasjonskompetanse er ein viktig ferdighet, og grunnleggande verdiar som likeverd, likestilling, respekt og toleranse er sentrale.

Dei fire modulane i læreplanen:

- a. **Modul profesionalitet i helsearbeidarfaget** – her skal du blant anna opparbeide deg kunnskapar om kva det inneber å vere ein profesjonell helsefagarbeidar. Det handlar om kunnskapar, ferdigheiter, haldningar og etisk bevisstheit som du som helsefagarbeidar må ha og utøve arbeidet ditt etter.
- b. **Modul livskvalitet og helsekompetanse** – her skal du blant anna opparbeide deg kunnskapar om kva kan du gjere for å auke pasientars og brukarars livskvalitet og helsekompetanse. I tillegg skal du planlegge for og vise det i praksis.
- c. **Modul grunnleggande sjukepleie** – her skal du blant anna opparbeide deg kunnskapar om korleis du kan hjelpe menneske til å dekke sine grunnleggande behov, når dei ikkje lenger er i stand til å ta dei i vare sjølv. Det handlar også om å observere og identifisere teikn på sjukdom og omsorgssvikt, og setje i verk tiltak.
- d. **Rehabilitering, habilitering og kvardagsmeistring** – her skal du blant annen lære om kva som skal til for at pasientar og brukarar kan forebygge ekstra lidning, gjenopprette funksjonar og styrke habilitering. Ikkje minst handlar det om korleis hjelpe menneske til å takle kvardagen når det har skjedd ei endring i livet. Hjelpemiddlar og velferdsteknologi er eit sentralt stikkord, og samarbeid med andre.

I tillegg består læreplanen av

- a. **Kjerneelement**: Kropp, helse og omsorg (1), Dialog, relasjon og rettleiing (2), Hjelpemiddlar, teknologi og velferdsteknologi (3) og Etikk og regelverk (4): det du må lære for å kunne meistre og bruke faget
- b. **Tverrfaglege tema**: Folkehelse og livsmeistring, Demokrati og medborgarskap og Berekraftig utvikling: aktuelle samfunnsutfordringar både for i dag og framtida
- c. **Grunnleggande ferdigheiter**: det du må kunne for å delta aktivt i opplæring, samfunns- og arbeidsliv (lese, skrive, rekne, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter).

Læreplan i norsk og samfunnskunnskap – modulstrukturert opplæring for voksne

I læreplanen står det at faget skal bidra til danning og utdanning gjennom å gi innsikt i ulike fellesskap og maktforhold menneske er en del av. Du skal vidareutvikle språkleg kompetanse i lesing, skriving og munnleg kommunikasjon som grunnlag for refleksjon, samhandling og læring. Du skal utvikle deg som ein engasjert og kritisk tenkande medborgar, og vere ein aktiv deltakar i demokratiske prosessar og arbeidsliv. Likestilling, menneskeverd og kulturelt mangfald er sentralt.

Om du har norsk og samfunnskunnskap frå tidlegare opplæring, treng du ikkje ha modulen.

Timeplan

Undervisninga vil veksle mellom synkrone og asynkrone økter. Timeplanen føl skulen sin timeplanstruktur, og du finn timeplanen i Visma in School (VIS). Dette programmet får du opplæring i å bruke under første samlinga på Firda vgs.

Som deltakar i vaksenopplæringa, er det forventa at du møter til undervisning og praksis. Di deltaking er avgjerande for at skulen skal ha eit forsvarleg vurderingsgrunnlag for ditt arbeid, og det førast derfor fråvær for timar du er borte frå skule og praksis. Dersom du har fråvær på over 20% vil du bli kontakta av skulen og du må ta stilling til om du vil fortsetje opplæringa. Ved fråvær over 50% kan du miste plassen din.

Det kan skje at du får ei innkalling midt i skuletida til ein legetime etc. som ikkje kan bytast på. Då er det viktig at du informerer kontaktlæraren din om det, og ber om dokumentasjon frå der du har avtale.

Det er krevjande å følgje eit nettskuletilbod. Det krev at du er strukturert og har ein viss grad av eigeninnsats. Mesteparten av opplæringa går føre seg som synkrone økter; økter i sanntid, og asynkrone økter; økter kor du jobbar sjølvstendig eller i lag med andre. Læring er ein prosess. Nokon lærar best ved å jobbe sjølvstendig, andre lærar best i lag med andre.

Det er viktig at du har med head-set til undervisninga, og på den måten kan «stenge ute» forstyrrende moment. Elles er det meint at Huben skal vere ein læringsarena kor de som bur i området, kan møtast og samarbeide om skullearbeidet.

Verktøy i opplæringa

Vi bruker pc i opplæringa. Har du eigen pc kan du bruke den. Viss ikkje, kan du kjøpe gjennom Vestland fylkeskommune si skule pc ordning. Vi anbefaler at du har eiga datamus. Det vil gjere det lettare for deg å manøvrere på pc-en.

Du vil også få låne lærebøker. Her kan du velje om du vil ha fysisk lærebok eller digital bok. Vi bruker også andre digitale læringsressursar, som for eksempel NDLA.

Digitale ferdigheter er ein viktig del av grunnleggande ferdigheter i læreplanen. Å vere helserekutt og deltakar i vaksenopplæringa kor mykje av undervisninga skjer digitalt, krev at du har litt digital kompetanse og på den måten klarer å nytte deg av tilbodet. Under den første samlinga på Firda vgs., vil vi bruke god tid på digitale ferdigheter. Du får tilgang til Office 365, kor vi bruker Microsoft Teams som læringsplattform. Det er ein kommunikasjons- og samarbeidsplattform som kombinerer chat, videomøter og mykje anna. Her vil det vere undervisning i sanntid, videoførelesingar, oppgåvearbeit, innleveringar og andre læringsaktiviteter både i gruppe og individuelt. Det betyr at du vil finne undervisningsressursane lærarane har laga i Teams, og læringsaktiviteten du jobbar med, skal også inn her. Nokon av møta med praksisplassane, skjer også via Teams.

Du vil også få hjelp til å laste ned eit verktøy som heiter Lingdys skole på pc-en din.

Det er eit rettskrivingsprogram, og kan hjelpe deg i utvikling av tekst og ordforråd.

Du kan også få teksten lest opp for deg.

På Firda vgs. har vi eigen e-pedagog, Hilde Hole. Ho kan du ta kontakt med om du treng ekstra rettleiing og hjelp til bruk av dei digitale verktøya.

IKT kan hjelpe deg med det som går på programvara på maskina di.

Praktisk informasjon knytt til samlingar på Firda vgs.

Du har litt reiseveg for å kome til Firda vgs. Vi har god erfaring frå andre digitale tilbod vi har hatt, med at deltakarane har overnatta på Gloppen Camping og Fritidssenter. Dei har både leilegheiter og hytter til utleige som går an å nytte heile året. Overnatting på hytte eller leilegheit under samlingane, er både sosialt og kan vere ein god læringsarena.

Av erfaring veit vi at samlingar på skulen er krevjande. Det er viktig med ei god niste. Det er også mogleg å kjøpe mat i kantina på skulen.

Vestland fylkeskommune har innført nye skuleregler. Reglane gjeld også for vaksne som tar vidaregåande opplæring. Når de er på fysisk samling har vi på Firda vgs. frå skuleåret 2024 innført mobilhotell. Mobiltelefonen skal vere stasjonert der så lenge undervisninga held på. Vestland fylkeskommune har også innført røyke- og snusforbod på skuler og i andre fylkeskommunale fasilitetar. Dette betyr at røyking og bruk av snus er forbudt i skuletida, både på og utanfor skolens område.

Alt du no har fått informasjon om, vil bli repetert på første samlinga. Men vi håper førstehands informasjonen kan bidra til at du er litt budd på det som venter deg ved nytt skuleår.

Vi ønskjer deg ein riktig god sommar, så gler vi oss til å bli kjent med- og følgje deg gjennom skuleåret.

Velkomen som deltakar ved Firda vidaregåande skule.

